

Forslag til ein taksonomi som utgangspunkt for kartlegging, refleksjon og konkret målsetting i arbeidet med «Leselyst med dei minste – saman om lesekultur»

Ein taksonomi¹ inneber ei slags rangordning av kvalitet og eit bilete av tilstanden på eit område. Taksonomiane kan vere til hjelp for å strukturere og klargjere kva vi meiner med ulike satsingar, bryte dei ned og konkretisere dei til praktisk bruk. Like viktig i vår samanheng er at ein taksonomi kan vere eit verktøy for refleksjon og forankring av tiltak og satsingar.

Med utgangspunkt i tiltaka presentert i læringsressursen, har vi utarbeidd forslag til to taksonomiar som kan nyttast for å kartlegge og vurdere biblioteket sin innsats i det lesefremjande arbeidet retta mot dei yngste. I tillegg er det laga ein radar for å enkelt framstille kva nivå ein er på, og som kan spore utvikling over tid. Ideen er at desse kan brukast i ei kartlegging på området, og gjerne som del av ein arbeidsverkstad i regi av fylkesbiblioteket eller internt i kommunen.

Taksonomiar har sine avgrensingar, i og med at det er vanskeleg å generalisere i for stor grad på bibliotekfeltet. Det er dessutan alltid ein risiko ved å liste opp målnivå som andre kan nytte sidan det kan opplevast som fastlåst og at alle skal passe inn i ei ferdigtenkt rangering. At det vert omtalt som «forslag» inneber at det er ope for andre definisjonar og at taksonomien bør ta omsyn til dei lokale variasjonane for å kunne treffe med det som er gjeldande i eigen kommune. Meininga er at det kan danne utgangspunkt for å utarbeide eigne taksonomiar og for å sette i gang ein diskusjon kring:

1. Kvar er vi i dag? (når det gjeld satsing på leselyst med dei minste)
2. Kvar vil vi? (når det gjeld leselyst med dei minste)
3. Korleis kjem vi dit? (kva tiltak og satsingar trengst for å nå målet?)

Alle skal kunne identifisere sitt nivå og plassering i taksonomien, for deretter å kunne ta stilling til om ein ønskjer å utvikle innsatsen på kort og lengre sikt, og på kva område ein skal legge inn støyten.

Medan nivå 1 i forslaga til taksonomi skissert nedanfor er eit minimum, er det verken forventa eller meininga at alle nødvendigvis skal klatre opp på øvste nivå. Kva ein prioriterer i eige bibliotek, rammer, planar og andre føringar vil naturlegvis verke inn på kva nivå kvart bibliotek meiner er realistisk og tilstrekkeleg.

Vi har laga to utkast til taksonomiar som kan takast utgangspunkt i. Det første er ei samanstilling av heilskapen i ei satsing på leselyst med dei minste, altså det som er skissert i taksonomi 1. Det er ikkje slik at ein må krysse av alle punkt på kvart nivå for å kunne finne sin plass.

¹ I Regionbibliotek Stockholm sin skriftserie kan du lære meir om taksonomiar i utgjevingane [Mäta och Väga – om statistik och effektivitet på folkbibliotek, \(2010\)](#) og i [Taxonomier – verktyg för biblioteksutveckling, \(2013\)](#).

Den andre er delt inn i område som er framheva i læringsressursen for å nå ut med lesing med dei minste, jf. taksonomi 2. Den viser spesifikke felt der biblioteket kan sette inn ein styrka innsats for å heve nivået.

Taksonomi 1: Aktivitet som fangar heilskapen i læringsressursen	
Nivå 1	Biblioteket har lesestunder for dei yngste i biblioteket, der foreldre kjem med barn osb. Innimellom er det også slik at barnehagebarn (i mindre eller større grupper) tek turen til biblioteket og får ei lesestund, og kanskje låner med seg bøker til barnehagen. Kontakten med barnehagetilsette går først og fremst på når det passar å få besøk. Kjenneteikn kan vere: • Regelmessige lesestunder med dei yngste i biblioteket • Sporadiske besøk av barnehagebarn i nærleiken • Dialog med barnehagetilsette om besøk i biblioteket
Nivå 2	Bibliotekaren har dialog med barnehagetilsette om litteratur og bøker, gjerne tips til bøker som eignar seg for høgtlesing medan ei barnehagegruppe er på besøk i biblioteket. Innimellom er bibliotekaren på besøk i barnehagen for å formidle bøker eller dukkar opp når barnehagen er på tur andre stader med formidlingsstund. Det er ei god og enkeltstående hending som barna sett stor pris på (utanom det vanlege). Kjenneteikn kan vere: • Dialog med barnehagetilsette om litteratur og bøker • Sporadiske formidlingsstunder utanfor bibliotekrommet med dei yngste som målgruppe
Nivå 3	Bibliotekbesøk er regelmessig og del av årshjulet til barnehagen. Samarbeid om utlån av bøker frå biblioteket til barnehage og/eller til heimen. Helsestasjon deler ut informasjon om lesing, og oppmodar til å besøke biblioteket. Kjenneteikn kan vere: • Biblioteket og bibliotekarbesøk del av årshjul barnehage • Utlån av bøker til barnehagen (bokkassar og berenett for heimlån og bruk i barnehage) • Kontakt med helsestasjon, samarbeid om utdeling av materiale • Biblioteket har gjort enkelte grep for at formidlinga skal inkludere alle
Nivå 4	Helsestasjon og/eller barnehage samarbeider med bibliotek om å formidle kunnskap om lesing og litteratur til dei rundt barna i kvardagen. Kjenneteikn kan vere: • Helsestasjon formidlar fordelane og gleda med tidleg start på lesing i sine møte med foreldre og barn (bokgåve, bibliotekbesøk osb) • Biblioteket tek imot foreldre og føresette med småbarn, og formidlar korleis og kvifor tidleg start på lesing er viktig, kva bøker som kan eigne seg osb. • Barnehagen (med støtte/starthjelp frå biblioteket) arbeidar aktivt med litteratur og leseglede i barnehagen

	• Biblioteket invitert på foreldremøte for å snakke om tidleg start og lesing • Biblioteket invitert til (jamleg/årleg) møte med barnehagetilsette for å snakke om ny litteratur og lesing • Biblioteket har ei metodisk tilnærming til formidlingsstund for å inkludere alle barn
Nivå 5	Formalisert samarbeid (vedteken avtale) mellom bibliotek, helsestasjon og barnehagar. Kjenneteikn kan vere: • Biblioteket er del av samarbeidsfora som jobbar på tvers i kommunen som er relevante mtp. arbeidet for ein felles lesekultur og tidleg innsats. • Arbeidet er forankra i administrativ og politisk leiing i kommunen

Taksonomi 2: Aktivitet inndelt etter område i læringsressursen

Nivå	Formidlingsaktivitet	Tilgjengeleggjering av bøker	Dialog og opplysningsarbeid om kvifor og korleis lese	Tverrfagleg kommunikasjon og samarbeid	Merknad
1	Biblioteket held sporadiske lesestunder i bibliotekrommet. Lesestundene er spontane etter førespurnad der og då.	Bøker er fysisk tilgjengelege – bildebøker på låge hyller og i bokkassar i biblioteket. Biblioteket kjem med boktips når småbarnsfamiliar eller barnehagetilsette spør.	Biblioteket formidlar kvifor lesing er viktig til dei som etterspør det i tilfeldige møte i biblioteket.	Andre aktørar i kommunen som jobbar med dei yngste får kjennskap til kva biblioteket kan tilby gjennom tilfeldige møte – til dømes når barnehagetilsette eller helsesjukepleiarar er innom biblioteket. Biblioteket har informasjon på nettstaden sin om kva tilbod og tenester som er relevante for barnehage, helsestasjon og andre aktørar.	
2	Biblioteket har faste, opne lesestunder for dei yngste og deira føresette. Barnehagar besøker biblioteket sporadisk og utan avtale, og får tilbod om lesestund når dei kjem innom.	Biblioteket set saman bokpakkar basert på tema på førespurnad frå barnehage eller familiar. Barnehagen låner med seg eit utval bøker ved besøk.	Biblioteket formidlar kvifor og korleis lese med dei yngste når dei blir spurt eller invitert til å gjere dette – til dømes i barnehagen eller på foreldremøte.	Biblioteket tek aktivt initiativ til å informere relevante aktørar om kva dei kan tilby – gjennom målretta utsending, open invitasjon eller ved å oppsøke aktuelle møteplassar. Informasjonen er planlagt og bevisst retta mot dei som jobbar med dei yngste.	
3	Barnehagar kjem på besøk til faste, avtalte tider eller kan booke seg inn på biblioteket eit par dagar i forvegen av besøket. Biblioteket formidlar sporadisk bøker og lesing utanfor bibliotekrommet når dei blir invitert – oppsøkjande verksemd.	Biblioteket låner regelmessig ut bokkassar til barnehagar, men utan ein fast plan for utskifting. Biblioteket har utstillingar og boktips synleg og lett tilgjengeleg i bibliotekrommet og/eller digitalt for familiar og barnehagetilsette.	Bibliotekaren inviterer seg periodevis inn på relevante arenaer – barnehagar, foreldremøte, helsestasjon – for å snakke om kvifor og korleis lese med dei yngste.	Biblioteket er del av eit kontaktnett med andre i kommunen som jobbar med dei yngste. Kontaktnettet deler informasjon om hendingar og aktivitet som er relevant for arbeidet med lesing og dei yngste.	
4	Biblioteket formidlar regelmessig både i og utanfor bibliotekrommet – biblioteket er synleg der barna er.	Biblioteket har ein plan for å ta imot småbarnsfamiliar som kjem til biblioteket for første gong – kort orientering i barneavdelinga og kva biblioteket tilbyr. Utlånet av bokkassar til barnehagar er meir systematisert, med ein enkel plan for utskifting og påfyll.	Biblioteket har eit godt og regelmessig opplysningsarbeid retta mot dei som er tettast på barna og foreldra. Biblioteket tenkjer bevisst på kven dei ønskjer å nå, kva budskap som passar til kven, og kva rolle biblioteket har i kommunen og	Biblioteket arbeider saman med andre aktørar i kommunen mot eit uttalt felles mål om å styrke leselyst. Samarbeidet er prosjektbasert eller tidsavgrensa, og fører til samordna tiltak – men er ikkje nødvendigvis varig eller formalisert.	

			korleis dei ulike aktørane i kommunen utfyller kvarandre.		
5	Biblioteket har avtalte formidlingsstunder i og utanfor bibliotekrommet, arbeider med ein medviten metodisk tilnærming til formidling og arbeider medvite om å inkludere alle barn i formidlinga.	Biblioteket har faste avtalar om bokkassar tilpassa årshjulet til barnehagen. Bibliotekaren samtaler aktivt med føresette om bøker og høgtlesing og deler ut bokpakkar.	Biblioteket er ein anerkjend aktør i kommunen sitt lesekulturarbeid og blir jamleg invitert til fagdagar og foreldremøte. Samarbeidet er formalisert, og biblioteket har ei tydeleg og bevisst rolle saman med barnehage, helsestasjon og andre.	Biblioteket er ein fast del av eit tverrfagleg team i kommunen som jobbar på tvers for tilbod og opplegg retta mot dei yngste. Samarbeidet er formalisert, varig og forankra i leiing på alle sider.	